



Førebyggjande oppvekstplan Ulvik herad 2026-2030

Me er laget til barnet

OPPVEKSTPLAN

Saman skaper me trygge, gode og meningsfulle oppvekstvilkår – for alle barn og unge

VERDIGRUNNLAG

- Tryggleik
- Tidleg innsats
- Samarbeid
- Inkludering
- Respekt
- Medverknad

HELSE OG TRIVSEL
Gode levevanar, psykisk helse og livsmeistring

LÆRING OG UTVIKLING
Nysgjerrighet, kompetanse og glede over å lære

TILHØYRSLE OG FELLESSKAP
Alle barn og unge opplever å høyre til og bli inkluderte

DELTAING OG MEDVERKNAD
Barn og unge blir involverte og får ei stemme i eige liv

OVERGANGAR OG SAMANHENG
Trygge overgangar og god samhandling mellom heim, barnehage, skule og fritid

VÅRT MÅL

Alle barn og unge får moglegheit til å utvikle sitt potensial og delta i fellesskapet – no og i framtida

0–6 ÅR
Tryggleik, omsorg og leik

6–12 ÅR
Vennskap, læring og utforsking

12–16 ÅR
Identitet, tilhøyrse og meistring

16–20 ÅR
Val, ansvar og vegen vidare

FRAMTIDSHÅP

LIVSMEISTRING

FELLESSKAP

SLIK JOBBAR ME

- Tidleg innsats
- Tverrfagleg samarbeid
- Inkludering og like moglegheiter
- Medverknad i praksis
- Kunnskapsbasert utvikling

SAMAN FOR EIN GOD OPPVEKST

FAMILIE OG HEIM

BARNEHAGE

SKULE

FRITID

HELSETENESTE

KULTUR

FRIVILLIGHEIT

LOKALSAMFUNN



Forord

Ulvik herad sitt arbeid med *plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar* spring ut ifrå Spira barne- og familieeining som skal ha ei aktiv tilnærming til barn og unge sin oppvekst. Spira er sett saman av tenestene barnevern, helsestasjon, skulehelseteneste, familierettleiing og PPT og skal vere i tett samarbeid med barnehage og skule og skal vera til stades i barn og familiar sine liv på godt vis.

Denne planen rettar seg i første rekke inn mot tida *før* eventuell omsorgssvikt eller åtferdsvanskar oppstår, eller har fått utvikla seg for langt. Det er då førebygginga skjer og kan ha størst effekt. Tidleg innsats bidrar med viktige byggeklossar i barn og unge sine liv. Samstundes er det ei investering som kan spara heradet for meir inngripande og kostbare tiltak på seinare tidspunkt.

Dei ulike tenestene våre vil kunna vera meir verksame saman enn kvar for seg. Det tyder at herad vil kunna bidra med fleire tilsette med ulik kompetanse på ulike nivå for å støtta og hjelpa når dette er naudsynt. Desse tilsette rår over ulike verktoy som kan gje støtta til barn og familiar. Difor tenkjer me oss at planen inngår i den nye eininga, Spira barne – og familieeining og vert eit viktig arbeidsdokument for oss.

Me vil samordna og synleggjera tenestene våre slik at du som innbyggjar lett vil få kjennskap til aktuelle støtte-/hjelpetiltak. Du skal kunna møta og få kjennskap til støtte og hjelp allereie på helsestasjonen, *før* barnet ditt er født.

Planen er eit resultat av barnevernreforma som tredde i kraft 01.01.2022 og som gav meir ansvar til kommunane. Difor regulerer planen fyrst og fremst barnevernet. Men for å kunna realisera planen krev det god samhandling hjå alle som er involvert i barn og unge sitt oppvekstmiljø.



Innleiing v/ kommunalsjef oppvekst

Heradet har eit særleg ansvar for å sikre trygge oppvekstvilkår for alle barn og unge. Eit godt og systematisk førebyggjande arbeid er avgjerande for å avdekke og hindre omsorgssvikt, og for å møte åtferdsvanskar på ein tidleg og heilskapleg måte. Denne planen skal vere eit felles styringsdokument som gir retning, struktur og samhandling på tvers av tenester og nivå i kommunen.

Formålet med planen er å styrkje den tidlege innsatsen, sikre god koordinering mellom tenester, og leggje til rette for at barn, unge og familiar får rett hjelp til rett tid. Planen byggjer på heradet sin samfunnsplan, nasjonale føringar, lovverk og lokale behov, og skal bidra til at kommunen oppfyller sitt lovpålagde ansvar etter barnevernlova, opplæringslova, helse- og omsorgslovgivinga og folkehelselova.

Det vert lagt vekt på at førebygging ikkje er eit enkeltstående tiltak, men eit kontinuerleg arbeid som krev kompetanse, samarbeid og kultur for tidleg handling. Gjennom denne planen ønskjer heradet å forsterke det tverrfaglege samarbeidet, styrkje støtta til familiar og redusere risikoen for at barn og unge utviklar alvorlege vanskar seinare i livet.

Planen er utarbeidd i samarbeid mellom aktuelle einingar i heradet, og vil bli følgt opp gjennom konkrete tiltak, evaluering og årlege rapporteringar.

Planen har også vore ute på høyring, desember 2025 – januar 2026, og vart presentert i formannskapet mars 2026.

Oppvekstplanen var vedteken i heradsstyret 15. april 2026.

Verdigrunnlag og målsettingar

Arbeidet med førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar skal byggje på barnets beste som eit overordna prinsipp. Barn og unge skal oppleve tryggleik, tilhøyrslø og medverknad i eigen kvardag.

Heradet legg til grunn følgjande verdiar i arbeidet:



Tryggleik: Barn og unge skal møte trygge vaksne som ser, lyttar og handlar.

Tidleg innsats: Vanskelege situasjonar skal oppdagast og handterast så tidleg som mogleg.

Samarbeid: Tenester, familiar og frivillige aktørar skal arbeide saman for felles mål.

Inkludering: Alle barn og unge skal ha like moglegheiter for deltaking og utvikling.

Respekt og medverknad: Barn og familiar skal bli møtt med respekt og få påverke tiltak som gjeld dei.

Gjennom denne planen ynskjer heradet å bidra til ein kultur der førebygging er ein naturleg del av alle tenester som møter barn og familiar – frå helsestasjon og barnehage til skule, fritid og helse- og sosialtenester.

Strukturen i planen og oppfølging

Planen er bygd opp slik at han gir eit oversyn over status, utfordringsbilete og mål for heradet sitt førebyggjande arbeid. Vidare blir det skildra konkrete satsingsområde og tiltak, med ansvar, tidsplan og indikatorar for oppfølging.

Oppfølging av planen skal vere ein del av heradet sitt årlege plan- og styringssystem. Resultat og erfaringar skal vurderast jamleg, og planen skal reviderast ved behov eller minimum kvart fjerde år. På den måten skal dokumentet vere eit levande verkty for kontinuerleg utvikling og forbetring av det førebyggjande arbeidet i kommunen.



«Det er den draumen» av Olav H. Hauge

Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje –
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.

Laget til barnet

I Ulvik skal me arbeida for å samla “laget til barnet”. Me skal få til ei heilskapleg tenking rundt barn, unge og familiar. Kompetansen må vera så nær barn og unge som mogleg. Det skal vera godt og trygt å veksa opp i Ulvik, samstundes skal det vera trygt å søkja om hjelp og støtte for alle Ulvikarar som treng det.

Barn og unge skal utvikla vennskap, kjenna meistring i barnehagen og i skulen, ha det fint i familien sin og ha kjekke ting å gjera på fritida. Alle skal kjenna at dei høyrer til i lokalsamfunnet og vita at dei er ønska.

Meiningsfulle fritidsaktivitetar for barn og unge har fleire fordelar. Dei fremjar god fysisk og psykisk helse, og gjev moglegheit for sosialisering og meistring på trygge arenaer. Aktivitetane bidreg til utvikling av dugleikar, talent og interesser, styrkjer sjølvtilitt og motivasjon for læring og utforsking. Dei kan også førebygga og redusera einsemd, sosial isolasjon, åtferdsproblem og kriminalitet, spesielt for dei som slit med å finna plassen sin i skule eller samfunn. Fritidsaktivitetar og sosiale møteplassar gjev barn og unge ein positiv kanal for energi og engasjement.

Heradet skal syta for eit samordna tenestetilbod til barn og familiar, der det førebyggjande arbeidet med tiltak er lovfesta. Heradet har med dette eit ansvar for å arbeida for å unngå at omsorgssvikt og åtferdsvanskar



oppstår. Det generelle førebyggjande ansvaret er lagt til herad som heilskap. Ingen kommunale einingar som er i dagleg kontakt med barn kan fråskrive seg ansvaret for å avdekke tilhøve eller setta i verk naudsynte tiltak for aktiv førebygging. Det er understreka at barneverntenesta ikkje skal ha eit slikt ansvar åleine.

Eit viktig prinsipp er at kompetansen må vera der barna er. Dette betyr i dei fleste tilfelle i barnehage, på skule og SFO, på fritidsaktivitetar, i heimen, men og på sosiale plattformer og media. Me må vera medvitne på at me jobbar heilskapleg og målretta med kompetanseheving med alle som jobbar med barn og unge, både i kommunal og frivillig regi, men og gjennom foreldrerettleiing.

Å setja barn og unge i sentrum handlar om å ta barn og unge sitt perspektiv. Barn og unge skal alltid bli høyrd i alle saker som angår dei.

“Helse og meistring i oppveksten legg grunnlaget for livskvalitet og god psykisk og fysisk helse i vaksen alder.”

Barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma tredde i kraft 01.01.22. Med denne reforma har heradet fått auka fagleg og økonomisk ansvar, og skal styrka det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Lovgjevar legg større vekt på samarbeid mellom dei ulike velferdstenestene ved mellom anna å leggja samarbeid inn i 14 særlover som ei plikt. Samstundes kom reforma kompetanselyftet i 2022.

Kunnskapsløftet og PPT si rolle

Kunnskapsløftet legg vekt på tilpassa opplæring og tidleg innsats. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) har ei sentral rolle i å rettleie barnehagar og skular i dette arbeidet. Tenesta skal sikre at barn, unge og vaksne får eit inkluderande og likeverdig opplæringstilbod, og vurdere behov for spesialpedagogisk hjelp eller individuelt tilrettelagd opplæring. PPT er også ein viktig samarbeidspartnar for å styrke kompetansen i personalgruppa og for å fremje eit godt læringsmiljø.

Kommuneleiinga, både politisk og administrativt, har fått eit tydeleg ansvar for barneverntenesta. Barneverntenesta skal vera ei teneste på lik linje med andre kommunale tenester. Kommuneleiinga, både den administrative og den politiske, skal kunna etterspørja naudsynt



informasjon og setja i verk tiltak for at heradet skal oppfylle pliktene sine etter lova.

Korleis forstår me førebygging?

Førebygging retta mot born og unge handlar først og fremst om å leggja til rette for eit godt oppvekstmiljø for alle. Dette handlar både om informasjons- og haldningsarbeid, samt konkret arbeid for å skapa gode, trygge lokalsamfunn (regjeringen.no). I planen meiner me med førebygging å redusera risikofaktorar og fremja beskyttande faktorar i barn sitt liv.

Det er stor semje om at tidleg førebygging er viktig, og dei tre fyrste åra av barna sitt liv er særst viktige. Opplever ein mykje utryggleik eller frykt i desse åra kan det få store konsekvensar. Ofte hugsar barnet ikkje dei konkrete erfaringane, men hugsar ein stemning eller ei oppleving av uro. Ein hugsar meir frå skulealder og oppover. I 12-13-årsalderen oppdagar ein at ein har ein eigen identitet, og det kan vera skremmande. Finn ein ikkje tryggleik i dei vaksne, så er risiko for å søkja andre kanskje negative miljø større.

“Jeg falt ut av videregående allerede i barnehagen”

I denne planen har me vald å presentera førebygging på tre ulike nivå kor me snakkar om tiltak på grønt nivå, gult nivå og raudt nivå. Jmf. BTI-rettleiaren.

Grønt nivå:

Tiltak er retta mot heile befolkningsgruppa utan at det er identifisert individ eller grupper med ekstra risiko. Døme på dette er fritidsklubbar, ferieaktivitetar, leksehjelp, frivillige organisasjonar med meir.

Gult nivå:

Tiltak er retta mot grupper kor det er kjent at negativ utvikling kan førekoma. Tiltaka skal hjelpa til med å motverka negativ utvikling. Døme på dette kan vera familierettleiing, avlastning, fritidstilbod med tilrettelegging.

Raudt nivå:



Tiltak der det er høg risiko eller klare teikn på utfordringar. Døme på dette kan vera foreldrerettledning, støttekontakt, avlastning, barnekoordinator og i dei mest alvorlege tilfella omsorgsovertaking.

Kjernebarnevern

Målet med barneverns-reforma og ei auka satsing på førebyggjande arbeid er at færre barn, unge og familiar skal ha trong for hjelp frå barneverntenesta. Samstundes er det viktig å presisera at heradet alltid må ha eit fokus på kjerneoppgåvene til barneverntenesta. Nokon barn vil trenge tiltak på raudt nivå. Me kan ikkje “førebygga” oss vekk frå alt. Alle instansar må vera oppdatert på meldeplikta si og alle Ulvikarar må vita kvar dei kan ta kontakt dersom heimesituasjonen vert særskild utfordrande. Ein del av kjerneoppgåvene til barneverntenesta er beredskap heile døgnet. I Ulvik herad vert dette vareteke gjennom avtale om barnevernsvakt på Voss.

Korleis forstår me barn sine behov?

I Ulvik herad vil alle som arbeider med barn, unge og familiar støtta seg til Kunnskapsmodellen - “med barns behov i sentrum” (Bufdir). Denne modellen vert nytta når ein skal forstå og forklare barn sine behov og gjera vurderingar knytt til om barn og unge har dei omsorgsrammene dei skal ha, og eventuelt om det er behov for å setja inn hjelp.



Slik har me jobba med planen

Den er ført i penn av einingsleiar i Spira i samarbeid med kommunalsjef – oppvekst. Kommunalsjef helse og velferd har kome med innspel.

Grunnlag og prosess

Temaplanen byggjer på tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag og er utarbeidd med brei medverknad. Dette vart sikra gjennom prosjektorganiseringa og høyring før endeleg handsaming i heradsstyret.

Det har også vore innhenta stemmer frå barn og unge gjennom elevråd og ungdomsråd. Innbyggjarane i heradet har hatt tilgang til høyringa via kommunen si heimeside.



Organisering

Planeigar: Heradsstyret i Ulvik herad

Planansvarleg: Einingsleiar Spira

DEMOGRAFI

I Ulvik bur det 1100 innbyggjarar. Det er ca 210 born og unge under 18 år. Me har ein skule 1-10. Det er ein barnehage i heradet. Dei fleste av ungdommane 16.-18 år har skuletilbod på vidaregåande skular i Voss.

Ulvik er ei bygd som ligg 50 km frå Voss.

UTFORDRINGSBILETE OG TAL FOR ULVIK.

For å oppsummera utfordringar og positive trender i Ulvik tek me utgangspunkt i tal frå ungdata undersøkinga som vert gjennomført kvart 2. år, elevundersøkinga og Spekterundersøking. Desse undersøkingane får fram barn og unge si stemme.

Utfordringsbilete i Ulvik herad

Analyse av utfordringane

Resultat frå UNG data, elev- og Spekterundersøkingar i 2024 og 2025 teiknar eit bilete av fleire samansette utfordringar i ungdomsmiljøet. Desse utfordringane peikar både mot individuelle levevanar og mot forhold i skule- og nærmiljøet.

Levevanar og helse:

Mange unge rapporterer at dei søv for lite, har dårlege kosthaldsvanar og brukar mykje tid framfor skjerm. Dette kan henga saman med ein kvardag prega av høgt tempo, sterk digital tilknyting og manglande rutinar. Søvmangel og ubalansert kosthald påverkar både fysisk og psykisk helse, og kan gi utslag i konsentrasjonsvanskar, nedsett læringsevne og lågare motivasjon for skularbeid. Det store skjermbruket kan òg føre til mindre fysisk aktivitet og redusert sosial kontakt ansikt til ansikt.

**Rusbruk:**

At mange ungdommar svarar at dei har brukt eller brukar ulike typar rusmiddel jamleg, er alvorleg. Særleg merksemd krev at narkotiske stoff vert nemnde som dei mest brukte rusmidla. Dette kan tyde på både låg terskel for å prøve og eit miljø der slik bruk er tilgjengeleg eller normalisert. Rusbruk i ungdomsalder aukar risikoen for psykiske vanskar, svekka skuleprestasjonar og framtidige rusproblem.

Skulemiljø og læringskultur:

Elevundersøkinga viser at mange ikkje trivst på skulen, og at det i enkelte klassar er mykje uro som forstyrrar læringa. Dårlig læringskultur kan skuldast både manglande struktur og kan vere teikn på at relasjon mellom elevar og lærarar ikkje er god. Uro i klasserommet går direkte ut over læringsutbyttet, men også over trivselen og tryggleiken til elevane. Dette svekkar det psykososiale miljøet og kan bidra til fråvær, skulk og forseintkoming.

Fråvær og nærvær:

Tendensen til manglande nærvær, skulk og forseintkoming er truleg eit uttrykk for både lågare motivasjon og svakare tilknytning til skulen. Dette kan igjen ha samanheng med dei andre utfordringane – lite søvn, dårleg trivsel, uro og kanskje rusbruk. Nærvær i skulen er ein nøkkelfaktor for læring og gjennomføring, og fråvær kan vere eit tidleg teikn på at born og ungdommane treng støtte.

Samla vurdering:

Utfordringane må sjåast i samanheng. Livsstil, psykisk helse, rus og skulemiljø påverkar kvarandre gjensidig. Skal heradet lukkast med å betre situasjonen, trengst eit heilskapleg og tverrfagleg arbeid – der både skule, helse, føresette og fritidsarenaer samarbeider om å styrkje ungdommane sine levevanar, sosiale relasjonar og opplevde meistring.

Alle barn, unge og familiar skal kjenna seg inkludert i Ulvik herad.

Relativ fattigdom skal bekjempast.

Hindra utanfoskap

Førebygging--- tidleg innsats tett på

Foreldresamarbeid, medverknad frå born og unge



Me har null-toleranse for mobbing.

Me skal ha fokus på og tiltak knytt til psykisk helse og u-helse hjå barn og unge.

Mangfald i høve integrering og aksept for menneske med ulik seksuell legning, frå ulike nasjonalitetar og anna er viktig for målet om at alle kjenner seg inkludert.

Familiar skal ha oversikt og tilgang på hjelp så tidleg som mogleg når det er behov for det

Ulvik skal ha kompetanse og tiltak til foreldrerettleiingsprogram.

Me skal samarbeida med andre instansar utanfor herad og informera om tiltak dei kan tilby.

Det skal etablerast ein digital oversikt over alle tiltak herad har i BTI handlingsretteiar.

Vald og overgrep skal oppdagast og førebyggast

Alle tilsette skal ha oppdatert kompetanse på vald og overgrep.

Frivillige skal få delta på kompetanseheving med tema vald og overgrep.

Risikofaktorar skal oppdagast slik at førebygging av vald og overgrep skjer så tidleg som mogleg.

Heradet skal ha kompetanse på å gje hjelp til barn, unge og familiar som er utsett for vald og overgrep, samt eit tilbod til dei som har utsett nokon for dette.

Kompetansebygging er ikkje noko ein gjer ein gong - det er ei systematisk bygging som herad må prioritera år etter år. Ut frå kva kompetanse me har, vil tiltak til barn, unge og foreldre bli tilbudd.

Førebygging handlar om å redusera risikofaktorar og fremja beskyttande faktorar - og tiltaka me vel å nytta i herad er tufta på denne kunnskapen.

Det er ein klar samanheng mellom risikofaktorar i oppveksten og opplevd utanforskap som ung vaksen. Risikofaktorar er kva som helst faktorar hos individet eller i oppvekstmiljøet som kan assosierast med auka sannsyn for negativ psykososialutvikling i framtida.



Beskyttande faktorar er kva som helst faktorar hos individet eller i oppvekstmiljøet som kan assosierast med redusert sannsyn for framtidig negativ psykososial utvikling.

Det er ikkje slik at risikofaktorar og beskyttande faktorar er motsette av kvarandre. Faktorane samverkar ofte med kvarandre. Opphoping av fleire risikofaktorar aukar faren for at personen utviklar vanskar.

Beskyttande faktorar kan fungera som "skjold" mot konsekvensane av å vera i risikosona. Mange førebyggjande tiltak vert utvikla nettopp med tanke på å styrka dei beskyttande faktorane og redusera risikofaktorane.

Døme på risikofaktorar og beskyttande faktorar:

Framtidsbilete med ulike tiltak

I Ulvik har me alle moglegheiter til å nå hovudmål i planen om å sikra ein best mogleg omsorgssituasjon for alle barn og unge i bygda. For å kunna nå eit mål er det særskilt viktig å veta kva retning ein skal gå i - me må ta eit vegval!

Risikofaktorar og beskyttande faktorar med tilhøyrande tiltak

Faktor	Type	Tiltak / Innsatsområde
Psykiske og fysiske helseplager og andre diagnosar	Risiko	Tilgang til helsetenester, lågterskel psykisk helsehjelp, helsesjukepleiar i skule Tilpassa opplæring, spesialpedagogisk støtte, PPT-oppfølgning
Medfødd robustheit	Beskyttande	Styrking av meistringsarenaer, fysisk aktivitet, god omsorg
Nære venskap	Beskyttande	Sosiale møteplassar, fritidsaktivitetar, trivselstiltak i skule
Einsemd	Risiko	Treffstader, mentorordningar, inkluderingsarbeid



Faktor	Type	Tiltak / Innsatsområde
Hobbyar og interesser	Beskyttande	Kultur- og fritidstilbod, Friskus.no-plattform, støtte til frivillige
Rus- og alkoholproblem	Risiko	Rusførebyggjande arbeid, foreldrerettleiing, samarbeid med politi og helsetenester
God og stabil omsorgssituasjon	Beskyttande	Foreldrestøtte, heimebesøk, familierettleiing
Fattigdom	Risiko	Gratis fritidstilbod, økonomisk rådgjeving, støtteordningar
Trygge vaksne i lokalsamfunnet	Beskyttande	Kompetanseheving, relasjonsbygging, synlege vaksne i miljøet
Manglande integrering	Risiko	Språkstøtte, kulturformidling, inkluderingsarbeid i barnehage og skule

Barnehage og skule som har tett oppfølging med born og ungdom som syner teikn til mistrivnad, isolering eller er i konflikt. Tilsette som er emosjonelt tilgjengelege, syner interesse og støtte til borna. Trygge, varme relasjonar mellom vaksne og barn/elevar er den viktigaste bekyttelsesfaktor. Følgja med og gripe inn tidlegast råd i høve born og ungdom som opplever at dei ikkje har eit trygt og godt psykososialt barnehage/skulemiljø.



Her er ein oversiktleg tabell som skil mellom **risikofaktorar** og **beskyttande faktorar** for barn og unge i barnehage og skule:

● RISIKOFAKTORAR	● BESKYTTANDE FAKTORAR
Omsorgssvikt eller dysfunksjon i familien	Trygge, varme relasjonar mellom vaksne og barn/elevar
Manglande oppleving av tilhøyrse og meistring i barnehage/skule	Tilsette som er emosjonelt tilgjengelege og viser støtte
Traumatiske opplevingar (t.d. vald, krig, flukt)	Tidleg oppdaging og tett oppfølging ved mistrivnad
Seksuelle overgrep	Godt psykososialt læringsmiljø
Lærevanskar	Systematisk arbeid med sosial kompetanse og livsmeistring
Sosial isolasjon	Sterke slektsband og støttande familie
Mobbing	Trygt og inkluderande nærmiljø
Psykiske helseplager	Tverrfagleg samarbeid og tilgang til hjelpetenester
Utrygt nærmiljø	Heim–barnehage/skule-samarbeid med felles haldningar

Politisk leiing, administrativ leiing og kvar einskild som har arbeid i heradet eller deltek som frivillig må vera opplyst om retninga me skal gå i. For å møte framtida på best mogleg vis har me vald å ha fokus på ulike tiltak me vil implementere i heradet. Alle tiltaka er knytt til fokusområda i kapittel 5, og knytt til berekraftmåla til FN. Tiltak vil evaluerast kvart år, og naudsynte justeringar vil gjerast jamleg.



Tiltak 1: Handlingsretteleiar BTI

For å sikra at barn, unge og familiar som treng hjelp får det på best mogleg måte er det viktig å ha rammer og retningslinjer for samarbeid i ein kommune. Tilsette i barnehage og skule må veta kva dei skal gjere om dei får mistanke eller uro for at eit barn ikkje har det bra. Familiar må veta kor dei skal ta kontakt om dei opplev utfordringar i heimen.

Me har valt å implementera handlingsretteleiiaren BTI i Ulvik. BTI står for “betre tverrfagleg innsats”. Modellen er med på å kvalitetssikra heilskapleg og koordinert innsats i oppfølging av den enkelte.

BTI bidreg til:

Tidleg innsats, samordning og medverknad.

Gjev ein oversikt over handlingsforløp.

Bidreg til å retta opp svikt i samhandling mellom tjenester både på lokalt, regionalt og statleg nivå.

Samhandlingsmodell på fire nivå

BTI er eit handlingsforløp, som er illustrert gjennom fire nivå fra 0 til 3, sjå figuren under.

Handlingsforløpet

Nivå 3

Tverrfagleg samarbeid mellom fleire tjenester.

Nivå 2

Tverrfagleg samarbeid mellom to tjenester.

Nivå 1

Tidleg innsats innanfor den enkelte tjenesten.

Nivå 0

Avklarar om det er grunn til bekymring.

Koordinering og barnkoordinator



For å sikre heilskapleg og målretta oppfølging av barn og unge med behov for samordna tenester, nyttar Ulvik Visma Flyt Samspill som verktøy i BTI-modellen. Koordinering er ein nøkkelkomponent for å sikre at alle aktørar arbeider mot felles mål, og at barnet og familien er involvert i prosessen.

Formål

- Sikre strukturert samarbeid mellom tenester.
- Fremje tidleg innsats og kontinuitet i oppfølginga.
- Styrke medverknad frå barn, unge og foreldre.

Barnkoordinator – lovgrunnlag og rolle

- Barnkoordinator er heimla i **Helse- og omsorgstenestelova § 7-2 a**.
- Skal vere ein fast kontaktperson for familien.
- Har ansvar for å koordinere tiltak på tvers av tenester og nivå.
- Skal sikre at planen for oppfølging er oppdatert og tilgjengeleg for alle involverte.

Oppgåver og ansvar

- **Koordinering av tiltak:** Sørgje for at alle tenester følgjer opp sine delar av planen.
- **Møteinnkalling og referat:** Organisere ansvarsgruppemøte og dokumentere framdrift.
- **Informasjonsdeling:** Sikre at relevant informasjon blir delt i tråd med lovverk og samtykke.
- **Brukarmedverknad:** Involvere barnet og familien aktivt i planlegging og evaluering.

Samhandling og verktøy

- **Visma Flyt Samspill:** Brukast til å dokumentere tiltak, ansvar og framdrift.



- **BTI-stigen:** Styrer nivå for innsats og samarbeid.
- **Digitale møteplattformer:** For å sikre fleksibilitet og tilgjengelegheit.

Dokumentasjon og evaluering

- Alle tiltak skal dokumenterast i Visma Flyt Samspill.
- Evaluering av mål og tiltak skjer jamleg i ansvarsgruppemøte.
- Barnkoordinator har ansvar for å oppdatere planen og sikre at den er tilgjengeleg.

Arbeid på systemnivå – tverrfagleg team og samhandlingsmodellen

BTI-modellen i Ulvik er forankra på systemnivå for å sikre felles struktur, kultur og rutinar for samarbeid. Leiinga har ansvar for å leggje til rette for samhandling, kompetanseheving og kontinuerleg utvikling.

Tverrfagleg team

- Representantar frå oppvekst, helse, Spira, politi, BUP og VGS (produksjonsskulen).
- Møtast jamleg, minst 4 gonger pr år, for å drøfte saker på overordna nivå og dele erfaringar.
- Følgjer opp implementering av BTI-stigen og rutinar.

Samhandlingsmodellen

- Samarbeid skjer på to nivå: Individnivå og systemnivå.
- Visma Flyt Samspill sikrar dokumentasjon og informasjonsdeling.

Kontinuerleg utvikling

- Årlege evalueringar av BTI-arbeidet.
- Justeringar i rutinar og verktøy etter behov.
- Kompetanseheving og opplæring av tilsette.

Evaluering og utvikling

- BTI-arbeidet blir evaluert årleg av tverrfagleg team og leiinga.



- Brukarundersøkingar og tilbakemeldingar frå barn og foreldre blir inkludert.
- Endringar i lovverk og lokale behov blir innarbeidd i rutinar og verktøy.

Tiltak 2: Spira, som er oppretta 01.01.25 - organisering av tiltaka til barn, unge og familiar

Berekraftmål 17, samarbeid for å nå måla, skal vera berebjelken i samfunnsutviklinga i Ulvik.

Samarbeid på tvers av einingar til det beste for innbyggjarane våre blir eit tiltak for å nå dette målet.

For å klara dette har me etablert Spira for alle tiltak retta mot barn, unge, familiar og andre som treng tiltak i heradet.

Spira skal sikra at:

- måla i Barnevernsreforma vert nådd
- me til ei kvar tid har den kompetansen me treng i heradet
- me er koordinert i utvikling og prosjektarbeid
- me utnyttar ressursane våre til det beste for innbyggjarane
- dei som arbeidar på grønt nivå (skule, barnehage, kultur) skal kunna henta tiltak og kompetanse når dei oppdagar grunn til uro for utviklinga til barn og unge.
- at innbyggjarane våre skal få tilgang på riktig hjelp til riktig tid.

Spira er sett saman av desse tenestene:

- Barnevern
- PPT
- Helsestasjon og skulehelseteneste
- Psykolog – ved behov
- Familierettleiing/ miljøretteleiar
- Fysio -og ergoterapi – ved behov



Tiltak 3: Etablere gode treff stader for barn og ungdom i Ulvik.

Ameron

Friskus - Herad vil hausten 2025 prøve ut ein plattform for å informera ut til alle innbyggjarane om dei tilboda me har til ei kvar tid. Plattformen heiter Friskus.no

Det skal på tvers av einingar arbeidast med etablering av ulike uformelle treff stader til barn og ungdom i herad. Barn og ungdom skal høyrast i dette.

Skulen har sett inn fleire trivselstiltak på skulen.